

Til medlemmane i FIN:

### Kommunal eigedomskatt 2021

Det nye skattegrunnlaget for den kommunale eigedomskatten er sendt ut frå kommunen i desse dagar. I den forbindelse er det fleire næringsdrivande som har uttrykt bekymring for at taksten er sett alt for høgt, og at taksten ikkje avspeglar den reelle verdien av eigedommane. Vi i FIN prøver å finne ut om dette er noko fleire opplever, og ber difor om at dei dette gjeld sender oss ei tilbakemelding.

### Det vi konkret vil ha tilbakemelding på er:

- Kor stor prosentvis auke har ein fått på takstgrunnlaget for eigedomsskatten?
- Har ein marknadsmessige vurderingar (omsettingstal av eigedom eller taksering av eigedom) frå den siste tida som tilseier at taksten er sett for høgt?
- Har de vurdert å klage til kommunen på takstgrunnlaget?
- Kva konsekvensar vil den nye taksten kunne få for verksemda?

Håper de som opplever konsekvensar av denne takstendringa gir tilbakemelding, slik at vi på best mogleg måte kan synleggjere eventuelle konsekvensar til kommunen.

- Ber om at vi får tilbakemelding på dette i løpet av denne veka (veke 9)  
[post@florain.no](mailto:post@florain.no)
- Har du spørsmål, kontakt leiar i FIN: T. 913 81 879 / [bjorn.hollevik@enivest.net](mailto:bjorn.hollevik@enivest.net)

Florø 2. mars 2021

Bjørn Hollevik

Leiar FIN

913 81 879

[bjorn.hollevik@enivest.net](mailto:bjorn.hollevik@enivest.net)

[www.florain.no](http://www.florain.no)

Anita Øygard

Sekretær FIN

[post@florain.no](mailto:post@florain.no)